

# Lekseplan 4. trinn

## VEKE 20 2024



Skulen si heimeside: [www.minskole.no/sagstad](http://www.minskole.no/sagstad).  
Tlf. til administrasjon: 561 71 300  
Tlf. SFO: 47488775  
Kontaktlærer 4B: Christian Bertelsen.  
**Klassemobil: 4081 5334**

**Klassekontaktar:** Gro Reidun Hagesæter Nytnun (mor til Tiago), Christiane Eliassen Tveit (mor til Julian)  
**FAU-medlemmar:** Ole Martin Løver (far til Brage) Irene Bratteng Fossheim (mor til Eira)

Hei!

Over tid har vi hatt fokus på lesing i lekse, og byter no over til skrivning fram mot sommarferien.

I norsk skrivelekse skal elevane produsere ulike typar tekst. Oppgåva finner de i Norsk leksebok (skriveboka), der vil det liggje ei oppgåveforklaring og eit planleggings skjema. Den første teksten handlar om å skildre (beskrive).

**Å skildre** betyr at du skriv om noko verkeleg, gjerne for å informere andre. Det kan til dømes vere å forklare korleis noko verker eller skal brukast, eller å skildre ein leik, eit dyr eller ein stad. Det kan også vere å skrive eit referat eller ei oppsummering. Meir informasjon om å skrive ein tekst finn de på siste ark til lekseplanen.

Vi planlegg **uteskule** på onsdag, men har sannsynlegvis 1.time inne. Elevane treng uansett berre tursekk denne dagen. Sjekk gjerne Visma på tysdag i tilfelle endringar.

Hugs som vanleg; Gode sko og klede etter vær 😊.

Dei to neste tysdagane skal 4b på symjing.

På førstkommande tysdag skal elevane øva til symjeprøva, medan neste tysdag vil dei ta symjeprøva.

Vi ønskjer alle ei fin 17.mai-feiring og ei god pinsehjelg 😊

Ta gjerne kontakt i Visma app, om det skulle vere noko.

Vi ønskjer dykk ei god veke 😊

Helsing oss på 4.trinn

## Dette jobbar vi med denne perioden

### Lesing

- Eg oppsummerer etter kvart som eg les.
- Engelsk: I can read and understand short texts and stories.

### Skriving

- Eg skriv fullstendige og varierte setningar.
- Ordklassar: Substantiv, verb, adjektiv.
- Engelsk: I can write simple texts that express my feelings.

### Engelsk

- I can say how I am feeling and ask someone else how they are feeling.
- I can talk about my feelings.
- I can write simple texts/sentences that express my feelings.

### Rekning: Måling








- Kjenne til at vi brukar blant anna desiliter (dl) og liter (l) som måleeiningar for volum.  
Viktige ord: volum, omkrins, areal, lengd, breidde, høgd.

**KRLE:** Kunst i religionar

**Samfunnsfag:** Personleg økonomi.

**Sosial kompetanse: Takksemd**

- reflektere over korleis språkbruken vår påverkar andre, og korleis vi tilpasser og endrer språket i ulike situasjonar
- utforske og samtale om etiske sider ved menneska sitt levesett og ressursbruk.

| LEKSER:   | TIL TYSDAG   | TIL ONSDAG  | TIL TORSDAG   | TIL FREDAG  |
|---|--|---|---|---|
| <b>NORSK</b><br>                         | <b>Norsk leksebok</b><br>17.mai i Noreg.<br><br>Fyll ut skriveramma (og lim den inn i lekseboka) | <b>Norsk leksebok</b><br>17.mai i Noreg.<br><br>Skriv ein tekst om korleis vi feirar 17.mai i Noreg. Bruk skriveramma di. | <b>Norsk leksebok</b><br>17.mai i Noreg.<br><br>Skriv ferdig teksten om korleis vi feirar 17.mai i Noreg. Bruk skriveramma di | <b>FRI</b><br><br> |
| <b>ØVEORD:</b><br>                     | <b>Øv godt på å forstå, lese og skrive frasen:</b>   |   |   |   |
| <b>REKNE</b><br>                       |  | <b>Mattehefte (grønt)</b><br>Gjer side 9.   | <b>Mattehefte (grønt)</b><br>Gjer side 10.  |   |
| <b>HUGS:</b><br>Just a reminder...<br> | <b>Symje/gymklede</b><br>joggesko, handkle og såpe.  |   | Levere mattelekse og norsk leksebok   |   |

## Korleis tenkjer vi...

## Volum


Volum er så mykje ein ting kan romme.

Når vi måler volum, kan vi bruke måleiningar som desiliter og liter.

I kvar liter er det 10 desiliter.  $10 \text{ dl} = 1 \text{ l}$ .

1 liter = 10 desiliter

0,5 liter = 5 desiliter



Kor mykje sand er det plass til i bøtta?



## Å skrive ein tekst

Når du skal skrive ein tekst, må du planleggje teksten. Først må du vite kva du skal skrive om. Kanskje du treng å samle idear og kunnskap, før du byrjar å skrive? Kanskje bør du notere ord du kan ha bruk for?

Ofte kan det vere nyttig å bruke «skriveramme» som ein del av planlegginga. Det kan gi deg idear til både innhald og til korleis du kan byggje opp teksten din, sånn at du kan sjå for deg teksten du skal skrive.

Undervegs i skrivinga di vil du sikkert endre på noko av teksten din. Når du er ferdig med å skrive eit utkast, er det lurt å lese teksten høgt. Er det noko du bør endre på? Har du svart på oppgåva? Har du bygd opp teksten din på ein god måte? Har du variert korleis du byrjar setningane dine? Er det noko anna du burde tenkt på?

Til slutt skal du vere din eigen sekretær. Då ser du etter om dei fleste orda er skrive riktig, om du har hugsa å setje inn punktum og andre skiljeteikn du har lært deg (,?!).

Dette skal vere gjennomgått på skulen 😊

I lekse framover vil eleven få forslag til korleis ulike skriverammer kan brukast. Nokre av ideane er henta frå [www.skripesenteret.no](http://www.skripesenteret.no)